

Frå:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hordaland

Til:
Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga

Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga

1 Eit godt samferdsle og transporttilbod er ein naudsynt føresetnad for at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i samfunnet.

Dagens TT-ordning dekkjer ikkje menneske med nedsett funksjonsevne sine behov for transport.

2. Først når staten sin tilskottsordning til «tunge» TT-brukarar (blinde/svaksynte og rullestolbrukarar) også gjeld for Hordaland kan det vere aktuelt for RMNF å støtte fylkesrådmannen sitt alternativ 1 med lik grunnkvote til alle TT-brukarar.

Inntil staten har gjennomført prosessen som skal sikre «tunge» TT-brukarar, rår RMNF til at noggjeldande TT-ordning blir vidareført.

3. RMNF støtter fylkesrådmannen sitt forslag med å auke nedre aldersgrense til 10 år og øvre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning til 85 år. Vidare støtter RMNF forslaget om at all sakshandsaming blir lagt til fylkeskommunen, for å sikre likebehandling.

4. Det må settjast krav til transportørane at TT-kort kan brukast. Transportoperatørar som skal ta imot TT-kortet frå TT-brukarane, må påleggast å alltid kunne bruke terminal for TT-kortet. Dersom Sjåførar ikkje klarar å nytte systemet, skal ikkje TT-brukaren belastas, men fortsatt berre betale 15 % av turens kostnad. Fylket må ta i bruk sanksjonsmogelegeheter ovanfor transportoperatørar som ikkje klarar å overhalde dette.